



Valldal

**Styremøte i Valldal Bygdekvinnelag 2. mars kl.18.00
på biblioteket**

Desse møtte: Bjørg, Gerd, May, Magnhild.

Linda møtte som vara.

Forfall: Mette NV og Mette M. 2. vara Solveig kunne heller ikke møte.

Sak29/26 Godkjenning av innkalling og gjennomgang av referat frå forrige møte.

Oppsummering av gjennomførte tiltak

Innkalling godkjent. Refererte frå siste bygdekvinnekveldsmøte og ulike saker som vart referert på siste styremøte knytt til tiltak og engasjement.

Sak 30/26 Planlegging påskehelsing og Bygdekvinnekveld 24.mars m.m.

Tenkt utdeling av påskehelsing samtidig denne dagen. Bjørg gjer avtale med Linge gartneri for tilordning/henting av blomster.

Tema for den 24. elles er ikkje heilt klart enno. Referat frå distriktsårsmøtet, idedugnad for innhald på møta m.m. kan vere aktuelt å ta opp.

Invitasjon blir sendt ut.

Sak 31/26 Gjennomgang av spørsmål til Frivilligverkstad 3.mars

Frivilligverkstad etter foredrag med Are Kalvø.

Bjørg har vore med å laga ei skisse til frivilligstrategi. Ho skal ha eit innlegg i starten av møtet som representant for frivilligheita sidan ho har vore med på deltaking i utarbeiding av skissa for frivilligstrategi. Ei utfordring å rekruttere til frivillig arbeid, trengst fleire yngre krefter.

Sak 32/26 Bygdefest – hjelp frå brukarar. Brev frå Brukarlaget MLH

Laget blir oppfordra til å stille med tre vakter til sal av bongar frå kl. 18.30. den 28.mars.

Magnhild sa seg viljug til å stille opp. I etterkant av møtet har også Randi og Nelly sagt ja til å bidra.

Bjørg melder frå til brukarlaget.

Sak 33/26 Vaffelfredagsvert 6.mars og 20.mars

Oppfordra til å stille med vertar desse dagane;

6.mars: Liv og Rigmor, 20.mars: May og Linda.

Sak 34/26 Forsikring, info frå Gerd

Har sett på forsikring som VBK har teikna. Har hatt opptelling på lager av bøker, som er det lausøyret laget har av egedelar. Vurdere om behovet for vidare forsikring. Høyre med Språksmia om kvar originalane for trykking av Sæterboka er oppbevart. Ila våren sjekke kva som er oppbevart på ML-huset av verdiar/protokollar. Ei totalvurdering i etterkant av dette.

Sak 35/26 Utflukt mai/juni ved Gerd

Har sjekka to alternativ for tur. Jobbar vidare med informasjon og innhenting av prisar. Tenkt dato i midten av juni. Legg opp til felles skyss og betaling av eigendel.

Sak 36/26 Innkjøp av gåvekort til jubilarar

Blir gjort i samband med uthenting av blomsterhelsingar på Linge gartneri den 24.mars.

Sak 37/26 Planlegging av markering prosjekt «skulekjøkkenet» og Kveldmat fra flere land/Internasjonal kveld

Den 23.mars er det tenkt «opning» av skulekjøkkenet etter at VBK sitt prosjekt no nærmast er ferdigstilt. Spm om VBK skal engasjere seg i ev. tillaging.

Elevane bør i størst mogleg grad ha regien på dette, ev. kan medlemmer frå VBK bistå med noko om ønskjeleg. VBK sponsar innkjøp til festen.

Björg avtalar med Mette NV kven som skal samordne invitasjon og kontakt med pressa.

«Kveldsmat frå fleire land» som eit arrangement vert å kome attende til i haust.

Sak 38/26 Anna

Informasjonsmøte om beredskap den 10.mars.

Laget har ein representant i beredskapsrådet og er bede om å ha eit innlegg på ca 5 min. på konferansen. Solveig har delteke i rådet frå VBK.

Björg tek seg av innlegget sidan Solveig ikkje kan delta.

Magnhild sytte for kaffi og kake i møtet.

Møtet slutt kl 20.15

Magnhild

ref.